



Ørskog kommune
- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: FE - 030
Saksmappe: 14/780
Saksbehandlar: Acos.Websak.Mellomlag.S
ak
Dato: 09.11.2016

**Kommunereform - tilslutning til nye Ålesund kommune -
organisering av prosessen knytt til etablering av den nye
kommunen**

Utvallssaksnr.	Utval	Møtedato
108/16	Formannskapet	17.11.2016
100/16	Kommunestyret	24.11.2016

Samandrag:

Saka gjeld kommunereform, og ei tilslutning frå Ørskog kommune for å verte ein del av nye Ålesund kommune, saman med Skodje og Sandøy. Saka gjeld vidare organisering av arbeidet med å etablere den nye kommunen.

Saksdokument:

Møte 2 i styringsgruppa - korrigert innkalling

Møte 2 i styringsgruppa

Stordal kommunestyre - vedtak om kommunereforma 26.10.16

Tilbakemelding ang. kommunesamanslåing ,

Kommunesamanslåing ,

Referat frå møte med fylkesmannen 10.08.16 vedr kommunereform

Melding om endeleg vedtak frå Stordal kommune vedr. Kommunereforma

Ørskog kommune sitt vedtak i kommunereforma

Oversending av vedtak om kommunesamanslåing frå Skodje kommune

Melding om vedtak

Kommunereform - Haram kommune sitt val. Melding om vedtak

Ålesund kommune sitt vedtak om kommunereforma

Sandøy kommune sitt vedtak om kommunereforma

Sula kommune sitt vedtak i kommunereforma

Storfjord kommune - Møtereferat av reforhandling av intensjonsavtale mellom Skodje, Ørskog og Stordal kommune

Invitasjon til møte om etablering av landkommune

Vedk. etablering av ein landkommune på Nordre Sunnmøre

Etablering av ein landkommune

Invitasjon til møte om etablering av landkommune

Invitasjon til møte om etablering av landkommune

Etablering av ein landkommune

Forhandlingar Kommunereform

Etablering av ein landkommune

Ny landkommune - Vedlegg til intensjonsavtalen

Kommunereforma fram til 1. okt. 2016

Ny landkommune - Notat økonomi

Reginkommunen Ålesund - Signert intensjonsavtale

Ny landkommune - signert intensjonsavtale

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - referat frå siste forhandlingsmøte

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Møtereferat frå forhandlingane 8. mars 2016

Ny landkommune - Nytt utkast til intensjonsavtale basert på 3. forhandlingsmøte

Livestreaming av felles informasjonsmøte for kommunereformprosjektet - Regionkommune Sunnmøre

Ny landkommune/Storfjord kommune - Referat frå 3. forhandlingsmøte i kommunereforma

Vidare framdrift i kommunereformprosjektet "Ny landkommune"

Pressemelding frå Vestnes kommune vedkomande landkommune Sunnmøre

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Utmelding frå Haram kommune

Kommunereformprosjektet "Ny landkommune" - Referat etter 2. forhandlingsmøte

Ny landkommune - Møtereferat frå 1. forhandlingsmøte 9. februar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå 1. forhandlingsmøte

Ny landkommune - Referat frå siste møte i Sonderingsgruppa

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå siste møte i Sondersgruppa

Melding om vedtak - Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Vestnes kommune - KSTsak 6/2016

Formidling av vedtak om retningsval i Skodje kommune i samband med kommunereform

Referat frå Sonderingsgruppa 22. januar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat frå møte i Sonderingsgruppa 12. januar 2016

Ny landkommune - Referat frå møte i sonderingsgruppa 15. januar 2016

Ny landkommune - Møtereferat frå møte i Sonderingsgruppa 5. januar 2016

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat 2. møte i Sonderingsgruppa 7. januar 2016

Ny landkommune - Referat frå Sonderingsgruppa 16. desember 2015

Regionkommune Sunnmøre - Referat frå Sonderingsgruppa 15. desember 2015

Innstilling frå Skodje formannskap ang. retningsval

Innstilling om retningsval for Skodje kommune

Endelig leveranse - landkommune Sunnmøre.

Ny landkommune - Møtereferat frå restartsmøte 24.11.15

Regionkommune Sunnmøre - Møtereferat 2. møte i Sonderingsgruppa

Kommunereforma - Kontaktpersonsamling 29.01.16.

Signert kontrakt

Kontrakt om Open Space-arbeid

Kommunereforma - forhandlingsfasen - Vestnes kommune sin strategi - melding om vedtak i Vestnes kommunestyre sak 90 2015

Vidare arbeid med kommunereforma.

Melding om vedtak KS-sak 70/15: Kommunereforma - status for Ørskog kommune pr. september 2015. Oppnemning av forhandlingsutval

Kommunereforma med fokus på ungdom.

Sunnmøre Regionråd IKS - Informasjon om innbyggerundersøking (Spørreskjema)

Kommunereforma - val av retning for det vidare arbeidet i Ålesund

Kommunereformprosjektet Ny landkommune - sluttrapport 7.9.2015. Sunnmøre Regionråd IKS.

Sluttrapport Regionkommune Sunnmøre

Sluttrapport Regionkommune Sunnmøre

KOMMUNEREFORMA - Nyhende nr. 2 og undervegsrapport pr. 1. juli 2015

Undervegsrapportering pr. 1. juli 2015 - Kommunereforma i Møre og Romsdal.

Pensjonistforbundet - kommunereforma, anmodning om deltakelse.

Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen.

Oppsummering frå dialogmøte 23.04.15

Ny landkommune - innkalling til oppstartsmøte for deltakarane i arbeidsgruppene

Regionkommune Sunnmøre - SWOT-analyse - frist 24.04.15

Oppsummering frå dialogmøte 19.03.15

Kommunereforma - Møtereferat 26.02.2015

Referat frå møte i styringsgruppen for "Regionkommune Sunnmøre" 16.03.15

Presentasjon i møte 27.02.15 - "Regionkommune Ålesund"

Notat frå møte 27.02.15 - Regionkommune Ålesund

Kommunereformarbeid i Sandøy kommune - oppstart og framdrift.

Kommunereform. Melding om vedtak i Haram kommunestyre

Kommunereform - presentasjonane på Gomerhuset 24.02.15

Kommunebilde Ørskog

Faktaark Ørskog

Utfordringsnotat BDO, februar 2015

Saksprotokoll. Fylkesmøte i KS 05.02.15 under sak 15/3. Kommune-/ regionreform.

Til samarbeidande kommunar i utgreiing om STOR-KOMMUNE ALTERNATIV PÅ NORDRE SUNNMØRE

Utgreiing om STOR-KOMMUNE ALTERNATIV PÅ NORDRE SUNNMØRE

Kommunereform - Felles utgreiingsprosess Nordre Sunnmøre

Kommunereforma - invitasjon til utgreiing

Dialogmøte i samband med kommunereformarbeidet

Gjeld kommunereformarbeidet: Referat frå møte i prosjektgruppa 10.02.15

Invitasjon til møte om kommunestruktur 24.02.15 - utgreiingsarbeid.

Tilbakemelding på prosessvedtak for kommunereforma.

Referat frå møte med representantar frå lag, organisasjonar og nærlingsliv vedr. kommunereformarbeidet 28.01.15

Presentasjon frå rådmann i Haram

Møtereferat frå møte om kommunereformen i Brattvåg 26.01.15 og presentasjon frå rådmann i Haram

Eg ser FYLKESMANNEN er klar til å endre kommunekartet.

Invitasjon møte kommunereform

Melding om vedtak KS-sak 094-14 Kommunereform - lokal prosess

Notat og presentasjoner fra dialogkonferansen om kommunereformen 12.12.14 i Ålesund

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal.

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal

Invitasjon til å delta i reformprosessen

Oppstartsamling for kommunereformen 17. september 2014

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS' medvirkning i lokale og regionale prosesser i en kommunereform

Saksopplysningar:

Ørskog kommunestyre gjorde i møte 29.06.16 vedtak om at Ørskog skal verte ein del av ein større kommune frå 01.01.20. Formannskapet konkluderte i møte 20.10.16 med at å bli ein del av ei kommune saman med Skodje, Sandøy og Ålesund er den einaste realistiske og varige løysing for Ørskog, samsvarande med punkt 4 i vedtaket av 29.06.

Ørskog kjem likevel til å delta på møte om ei evt rein landkommune etter at saksutgreiinga er sendt ut. Eventuelle tungtvegande nye moment som tilseier å vurdere anna retning vil såleis kunne tilkome saka i møte.

Alle kommunane har fått ein utvida frist til å gjere endelege vedtak til ut året 2016. Statsråden si innstilling vil truleg ikkje vere klar før ut på vinteren 2017, og Stortinget si behandling kjem truleg først i juni 2017. Først etter Stortinget sitt vedtak vil ei fellesnemnd ha fullmakt til å gjere vedtak i tråd med Inndelingslova på vegne av den nye kommunen.

Kommunane Skodje, Sandøy og Ålesund har allereie gjort gjensidige vedtak om kommunesamanslåing, og har starta opp ein prosess med tanke på å etablere den nye kommunen.

Alle dei tre kommunestyra har vidare gjort vedtak om oppnemning av medlemmer til styringsgruppe/Fellesnemnd, og det er fastsett mandat for denne styringsgruppa. Styringsgruppa skal fungere fram til fellesnemnda formelt vert etablert, dvs etter Stortinget si beslutning våren 2017. Dette spørsmålet vert no også lagt fram for kommunestyret i Ørskog.

Det utfrå eit behov for å avklare eit felles utgangspunkt for arbeidet. Intensjonsavtalen dei tre kommunane har inngått, som igjen bygger på intensjonsavtale datert 18.03.16, tilseier at kvar kommune skal ha fem medlemmer i Fellesnemnda.

Inntil ei fellesnemnd kan tre saman med fullmakt etter Inndelingslova vil styringsgruppa som vert sett ned hausten 2016 ha mandat frå det einskilde kommunestyret. For at arbeidet skal kunne vere effektivt må desse mandata vere like.

Dei andre kommuestyra har gjort vedtak med følgjande mandat til styringsgruppa: kunnskapsinnhenting, saksførebuing og utgreiing av vedtaksgrunnlag for Fellesnemnda. Ein ser det som truleg at dette arbeidet vil ha eit omfang som gjer at denne fasen vil gå fram til sommaren 2017, og slik vere tilpassa Stortinget sitt formelle vedtakspunkt som er start for Fellesnemnda sitt virke.

For å halde styrefart, kompetanse og kapasitet har dei andre kommunestyra bestemt at dei 5 politiske representantane frå kvar av kommunane er dei same som utgjer Fellesnemnda frå Stortinget sitt vedtak.

Rådmennene i kommunane trer saman som arbeidsgruppe i prosjektorganisasjon, og har mandat å serve styringsgruppa med kompetanse, prosesshjelp og bindeledd mellom basisorganisasjonane og styringsgruppa.

Til prosjektorganisasjonen skal det mellombels tilsetjast ein prosjektkoordinator, med mandat å serve styringsgruppa og arbeidsgruppa i vidare arbeid, samle dokumentasjon frå prosjektet, organisere kunnskapsinnhenting og aktivitet. Maksimal funksjonstid for prosjektkoordinator er fram til Fellesnemnda har tilsett prosjektleiar og tatt stilling til om denne skal vere den nye rådmannen i kommunen.

Arbeidsgruppa har vurdert det til å vere behov for at prosjektorganisasjoen så snart som råd trer saman med jamnlege møte for å syte for framdrift og skaping av gode vedtaksgrunnlag for Fellesnemnda frå Stortinget sitt vedtak sommaren 2017.

I etterkant av møta vil det bli laga referat/ nyhendebrev som går til kommunestyra, dei tilsette og

innbyggjarane til orientering. Det er under arbeid ein grov framdriftsplan for heile prosjektfasen fram til 1.1.2020. Denne vil bli revidert undervegs ved behov. Det er og under arbeid ein informasjons-, involverings- og kommunikasjonsplan for prosjektet som rettar seg mot både lokalsamfunn, politisk styre og tilsette. Det er og under arbeid utkast til omstillingsavtale for å regulere samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonar, det arbeidast med plan for involvering av tilsette og verneteneste på arbeidsplassane for å sikre at hms-omsyn vert ivareteke undervegs i prosessen samt vurderast ogansiering og system for verksemdstyring.

I denne utgreiingsfasen er det naudsynt med kunnskapsinnhenting, involvering av fagpersonar og rette aktørar etter lov og avtaleverk. Dette gjer at styringsgruppa må få mandat frå kommunestyra til å ta desse rollane i vidare arbeid.

Økonomiske konsekvensar:

Finansiering av vidare arbeid hausten 2016 vil vere kr 1 million gjeve i løyving frå fylkesmannen til den nye kommunen til prosjektorganisasjonen. Ålesund kommune vil ta på seg rekneskapsføring og prosjektrekneskap for desse midlane på vegne av alle kommunane. Aktivitet i 2017 vil bli dekt både i form av ny løyving av 1 million frå Fylkesmannen til prosjektleiing, samt eingongsstøtte som utbetalast etter at Stortinget har gjort sitt vedtak i 2017.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer dette til å vere ein formålsteneleg og effektiv organisering gitt oppgåvene vi står ovanfor i vidare arbeid fram til Stortinget sitt vedtak sommaren 2017, og som grunnlag for Fellesnemnda sitt arbeid i etterkant av dette vedtaket.

Rådmannen tilrår at kommunestyra oppnemner 5 representantar frå kommunestyret, med personlege vararepresentantar, og gir dei mandat i tråd med framlegg til vedtak.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

1. Ørskog kommune skal verte ein del av ein ny kommune saman med Skodje, Sandøy og Ålesund frå 01.01.20, jfr. KS-vedtak 72/16 og FS-vedtak 104/16.
2. Kommunestyret vel 5 politiske representantar frå kommunestyret til «Styringsgruppe for bygging av nye Ålesund kommune».
3. For Ørskog kommune vert følgjande representantar med personlege vararepresentantar valde
 - xxx, vara: xxx
 - xxx, vara: xxx
 - xxx, vara: xxx
 - xxx, vara: xxx
 - xxx, vara: xxx
4. Inntil Stortinget sitt formelle vedtak om oppretting av Nye Ålesund kommune sommaren 2017, har dei valde fullmakt til å møte på vegne av Ørskog kommune i styringsgruppa.

Formålet med arbeidet er organisere og leie ein god prosjektprosess, innhente naudsynt kunnskap og leggje til rette for utgreiingsarbeid som skal danne vedtaksgrunnlag for Fellesnemnda.

5. Dei same valde representantane utgjer frå Stortinget sitt vedtak sommaren 2017 Ørskog kommune sine representantar i Fellesnemnda for nye Ålesund kommune, med mandat etter Inndelingslova.
6. Rådmannen får fullmakt til å inngå i prosjektorganisasjonen, og bistå styringsgruppa i arbeidet fram til ny kommune vert realisert eller Fellesnemnda har organisert sitt arbeid på anna vis.

Ålesund kommune får fullmakt til å føre prosjektrekneskap, krevje inn og administrere reformstøtte frå Fylkesmannen og staten til prosjektarbeidet og følgje opp prosjektorganisasjonen økonomisk på vegne av kommunane.

17.11.2016 Formannskapet

Jan Vidar Hansen sette fram følgjande utsettingsforslag:

Ørskog FRP er ikke fornøyd med saksgangen og framlegget til denne saken, Det kommer ikke frem i sakspapirene resultatet av samtale med kommunene Stordal og Nordal, vi har derfor ikke godt nok grunnlag i denne omgang til å gjøre et retningsvalg som rådmannen her innstiller til. Vi vil derfor komme med et utsettingsforslag i denne saken.

Ørskog kommunestyre ønsker at det blir sendt spørsmål til alle kommunestyrer i kommunene som ikke allerede er i samtaler med Ørskog angående landkommune alternativet, Dette for og avklare hvordan det enkelte kommuner har gjort sine vedtak, Ørskog kommunestyre får saken fremlagt på møte i desember, da med alle relevante vedlegg, møtereferat osv. Slik at kommunestyret kan ta sitt endelige retningsvalg på et trygt og godt gjennomarbeidet grunnlag.

Det vart røysta over utsettingsforslaget frå Jan Vidar Hansen.
Utsettingsforslaget falt med 3 røyster, 4 røysta imot.

Det vart røysta over innstillinga, som vart vedteken med 4 røyster - 3 røysta imot.

FS-108/16 Vedtak:

Ørskog kommune skal verte ein del av ein ny kommune saman med Skodje, Sandøy og Ålesund frå 01.01.20, jfr. KS-vedtak 72/16 og FS-vedtak 104/16.

1. Kommunestyret vel 5 politiske representantar frå kommunestyret til «Styringsgruppe for bygging av nye Ålesund kommune».
2. For Ørskog kommune vert følgjande representantar med personlege vararepresentantar valde

- xxx, vara: xxx

- xxx, vara: xxx

- xxx, vara: xxx

- xxx, vara: xxx

- xxx, vara: xxx

4. Inntil Stortinget sitt formelle vedtak om oppretting av Nye Ålesund kommune sommaren

2017, har dei valde fullmakt til å møte på vegne av Ørskog kommune i styringsgruppa. Formålet med arbeidet er organisere og leie ein god prosjektprosess, innhente naudsynt kunnskap og leggje til rette for utgreiingsarbeid som skal danne vedtaksgrunnlag for Fellesnemnda.

5. Dei same valde representantane utgjør frå Stortinget sitt vedtak sommaren 2017 Ørskog kommune sine representantar i Fellesnemnda for nye Ålesund kommune, med mandat etter Inndelingslova.
6. Rådmannen får fullmakt til å inngå i prosjektorganisasjonen, og bistå styringsgruppa i arbeidet fram til ny kommune vert realisert eller Fellesnemnda har organisert sitt arbeid på anna vis.

Ålesund kommune får fullmakt til å føre prosjektrekneskap, krevje inn og administrere reformstøtte frå Fylkesmannen og staten til prosjektarbeidet og følgje opp prosjektorganisasjonen økonomisk på vegne av kommunane.

24.11.2016 Kommunestyret

Framlegg frå Osvald Ringstad

1. Ørskog kommunestyre er ikkje fornøgd med saksgangen og framlegget til denne saka. Det kjem ikkje fram i sakspapira resultatet av samtalane med dei aktuelle kommunane (Ref. KS72/16), vi har difor ikkje godt nok grunnlag i denne omgang til å gjere eit retningsval som rådmannen her innstiller til.
2. Ørskog kommunestyre ynskjer å kome i dialog med eit representativt utval i dei aktuelle kommunane for å avklare korleis dei ser på moglegheitene for ei felles kommune saman med Ørskog. For å gjennomføre denne dialogen vert det oppretta ei gruppe bestående av 5 kommunestyreprerantar, ein frå kvart parti, med vara.

-xxx, vara: xxx

-xxx, vara: xxx

-xxx, vara: xxx

-xxx, vara: xxx

-xxx, vara: xxx

1. Ørskog kommunestyre får saka framlagt snarast råd, då med alle relevante vedlegg, møtereferat osv. Slik at kommunestyret kan ta sitt endelege retningsval på eit trygt og godt gjennomarbeida grunnlag.

Det vart røysta ved namneopprop. Torill Leganger vart trekt ut som fyrste, deretteri alfabetisk rekkefølge.

Det vart røysta over framlegg frå Frp:

Abelseth, Arne
Andresen, Frode
Aure, Geir Peter

Nei
Nei
Nei

Fagerlid, Gunnar		Nei
Fjørtoft, Helene B		Ja
Gjerde, Grethe Leikny	Nei	
Gunapalan, Nadarajan	Nei	
Hansen, Jan Vidar	Ja	
Harstad, Knut Helge	Ja	
Kongsnes, Kaja	Nei	
Leganger, Torill	Nei	
Lianes, Dag Helge		Nei
Rietmann, Gert,		Ja
Ringstad, Osvald		Ja
Sjøholt, Olav Kjetil	Nei	
Viset, Jarle	Ja	
Aasen, Wenche Gausnes		Ja

Framlegget falt mot 10 røyster

Det vart røysta over framlegg frå rådmann

Abelseth, Arne	Ja	
Andresen, Frode		Ja
Aure, Geir Peter		Ja
Fagerlid, Gunnar		Ja
Fjørtoft, Helene B		Ja
Gjerde, Grethe Leikny	Ja	
Gunapalan, Nadarajan	Ja	
Hansen, Jan Vidar	Nei	
Harstad, Knut Helge	Ja	
Kongsnes, Kaja	Ja	
Leganger, Torill	Ja	
Lianes, Dag Helge		Ja
Rietmann, Gert,		Nei
Ringstad, Osvald		Nei
Sjøholt, Olav Kjetil	Ja	
Viset, Jarle	Nei	
Aasen, Wenche Gausnes		Nei

Framlegget vart vedteke med 12 mot 5 røyster

KS-100/16 Vedtak:

1. Ørskog kommune skal verte ein del av ein ny kommune saman med Skodje, Sandøy og Ålesund frå 01.01.20, jfr. KS-vedtak 72/16 og FS-vedtak 104/16.
2. Kommunestyret vel 5 politiske representantar frå kommunestyret til «Styringsgruppe for bygging av nye Ålesund kommune».
3. For Ørskog kommune vert følgjande representantar med personlege vararepresentantar valde

Olav Kjetil Sjøholt, vara: Knut Harstad

Geir Peter Aure, vara: Helene Børretzen Fjørtoft

Thorbjørn Fylling, vara: Therese Sæter

Karen Simonnes Aanes, vara: Arne Abelset

Gert Rietmann, vara: Frode Dyrkorn

4. Inntil Stortinget sitt formelle vedtak om oppretting av Nye Ålesund kommune sommaren 2017, har dei valde fullmakt til å møte på vegne av Ørskog kommune i styringsgruppa. Formålet med arbeidet er organisere og leie ein god prosjektprosess, innhente naudsynt kunnskap og leggje til rette for utgreiingsarbeid som skal danne vedtaksgrunnlag for Fellesnemnda.
5. Dei same valde representantane utgjør frå Stortinget sitt vedtak sommaren 2017 Ørskog kommune sine representantar i Fellesnemnda for nye Ålesund kommune, med mandat etter Inndelingslova.
6. Rådmannen får fullmakt til å inngå i prosjektorganisasjonen, og bistå styringsgruppa i arbeidet fram til ny kommune vert realisert eller Fellesnemnda har organisert sitt arbeid på anna vis.

Ålesund kommune får fullmakt til å føre prosjektrekneskap, krevje inn og administrere reformstøtte frå Fylkesmannen og staten til prosjektarbeidet og følgje opp prosjektorganisasjonen økonomisk på vegne av kommunane.

Rådmannen i Ørskog
Synnøve Vasstrand Synnes

Rådmann
Synnøve Vasstrand Synnes